



**Søndag 19. nov. kl 19.00-21.00 i St. Svithun katolske kirkes menighetsal:  
500 ETTER LUTHER – ENDELEG VENNER IGJEN?**

I år er det 500-årsmarkering av Martin Luthers reformasjon.

**Økumenisk samtale om reformasjonen**

Katolsk forum i Stavanger og Stavanger bispedømme inviterer saman til ein økumenisk samtale om reformasjonen og dens konsekvensar. Eit veksande økumenisk medvit viser at reformasjonen ikkje bare gir gode assosiasjonar. Det er dessutan ikkje noe som Den lutherske kyrkja har einerett på. Ei markering må derfor vera open for kompleksiteten med både Luther og reformasjonen/ reformasjonane.

Vi søker å få fram:

- **Eit teologisk perspektiv:** kva var det som skilde? Og gjeld det i dag?
- **Eit økumenisk perspektiv:** markering må skje saman med kristne frå andre tradisjonar, og vi må læra av kvarandres ulike perspektiv på historia.
- **Eit etisk/ sosialetisk perspektiv:** Den økumeniske samtalen kjem ikkje utanom dei spørsmål om menneskeverd, urettferdig fordeling av verdas ressursar og vern om skaparverket.
- **Eit global perspektiv:** Reformasjonen var historisk eit europeisk fenomen. Men i dag er kyrkja global – og kva inneber det – for luthersk identitet og for økumenisk identitet?

Like viktig som eit historisk perspektiv, er det å sjå relasjonen mellom katolsk og luthersk tru og kyrkje i dag, m. a. i lys av dokument, som f. eks. *From Conflict to Communion*, og

*Felleseklæringen om rettferdigjøreleslæren, men også i samanheng med det korte dokumentet som blei skrive og signert av Pave Frans, president i Det lutherske verdensforbund biskop Munib Younan, samt biskop Helga Byfyllien (Den norske kyrkja), i Uppsala i oktober i fjor.*

**Program:**

Innleiing Kjetil Aano, prost og leiar av Stavanger bispedømes reformasjonskomite.

Innlegg ved Sr. Anne Bente Hadland - priorinne ved Katarinahjemmet, Den katolske kyrkja og gen. sekr. Berit Hagen Agøy - Mellomkyrkjeleg Råd, Den norske kyrkja.

Panelsamtale med sr. Anne Bente Hadland, gen.sekr. Berit Hagen Agøy, prof. Knut Alfsvåg frå VID, MHS, (Den norske kyrkja), sogneprest i St. Svithun katolske menighet p. Phu Thanh Nguyen. Panelsamtalen vert leia av prost Kjetil Aano (Den norske kyrkja).

Open samtale med publikum.

Inngang:

kr 100 (ordinær) /kr 50 (stud./honnør).

